

STORD KOMMUNE VE OG VEL

Velferdsklubb for tilsette i Stord Kommune

V E D T E K T E R

§1

Føremål

Klubben sitt føremål er å fremja eit godt sosialt miljø mellom alle tilsette i Stord kommune, m.a. ved å opparbeida felles interesser for fritidssyslar, som idrett, friluftsliv og andre sosiale tiltak.

§2

Økonomi

Klubben skal vera paraplyorganisasjon for alle "velferdsdag i kommunen". Klubben har som oppgåve å fordela midlar til velferdsdag/tiltak i kommunen. Klubben skal vera upolitisk og økonomisk uavhengig. Den skal drivast med midlar som kjem inn, dels ved tilskot frå Stord kommune, dels ved årleg kontingent og eventuelle gåver.

Kontingenget vert fastsett av årsmøtet og vert trekt av løna ein gong i månaden.
Årskontingent er kr. 300,-

§3

Medlemsskap

Alle tilsette i Stord kommune har rett til å vera medlem i velferdsklubben. I klubben har alle same rettar uansett stilling. Pensjonistar kan framleis vera medlemmar ved å betala kontingent.

Statleg tilsette i NAV med naturleg arbeidsfellesskap med dei kommunalt tilsette i NAV kan og verta medlemmar. Dei betaler då dobbelt kontingent.

Nytilsette i Stord kommune vil frå første dag få tilbod om å bli medlem og har alle rettar i Velferdsklubben ved betaling av kontingent.

§4 Årsmøtet

Ordinære årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av mars etter skriftleg innkalling frå styret, 3 veker før møtet.

Saker som skal handsamast på årsmøtet, må vera sendt skriftleg til styret seinast 2 veker før møtet.

På årsmøtet skal følgjande saker handsamast.

1. Årsmelding og rekneskap
2. Budsjett/årsplan
3. Fastsetjing av kontingent
4. Val av styremedlemer til styret.
5. Val av komitear og valnemnd
6. Val av revisor
7. Andre saker som er nemnt i innkallinga.

Årsmøtet kan ikkje fatta vedtak i andre saker enn dei som er nemnt i innkallinga.

Omframt årsmøte blir halde når styret finn det nødvendig eller når minst 1/10 av medlemene skriftleg krev det.

Alle vedtak treffast med alminneleg fleirtal med mindre anna er bestemt i desse vedtektena. I tilfelle slik løysing har leiaren dobbeltrøyst.

§5 Styret

Styret skal ha i alt ti medlemer: Leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og seks styremedlemer. Medlemane vert valde inn for 2 år av gongen og halvparten står på val kvart år. Styret konstituerer seg sjølv, leiar vert vald for eit år av gongen.

Laget skal ha ein rekneskapskyndig revisor vald for eitt år om gongen.

§ 6 Informasjon

Styret skal gje medlemane informasjon om aktuelle ting som går føre seg i klubben sin regi.

Nytilsette skal få utlevert 1 eksemplar av desse vedtektena.

§7 Oppløysing

Oppløysing av klubben kan berre skje etter vedtak på årsmøtet med 2/3 fleirtal

Vert klubben vedteke opplyst, skal det setjast ned eit avviklingsstyre med tre medlemer, eit medlem utnemnt av Stord kommune, og to andre valt av årsmøtet.

Avviklingsstyret skal laga liste over eidedelar i klubben og gjera opp balanse med sikte på avvikling. Lista og balanse skal reviderast og oversendast klubben sitt styre, alle medlemane og Stord kommune.

Eventuelt overskot skal gå til utsmykking av kommunale eldreinstitusjonar.

§8 Vedtektsendringar

Framlegg til endringar av vedtektena må ha 2/3 fleirtal på årsmøtet.

Vedtektena er vedteke 22.06.93

Endra på årsmøte 26.02.98

Endra på ekstraordinært årsmøte 18.12.06

Endra på årsmøte 06.03.07

Endra på årsmøte 03.03.10

Endra på årsmøte 14.03.11

Endra på årsmøte 27.03.12

Endra på årsmøte 26.03.14

Endra på årsmøte 15.02.17

Endra på ekstraordinært årsmøte 01.04.19

Endra på årsmøte 28.05.21